

Julebutikk og juletresalg hos Elins Matgleder.

16.12.2016



No er juletresalget i gang på Nedre Feet.

Det er ikkje berre julebakst og julekonfekt vi kan få kjøpt hos Elins Matgleder. No er salget av rimelege juletre frå eigen skog starta, og i tillegg har ho ein liten julebutikk der ho sel forskjellige julevarer som dukar og andre tekstilar, koppar, serviettar og anna fint som pyntar opp i jula. Kjekke julegåver.



[Det er også ei julebutikkavdeling](#)

Då uskedalen.no var innom butikken på Nedre Feet like før kl.10 i føremiddag, var det heilt ferske, nysteikte julabrød og kransekaker på disken.

- Eg kjem til å ha nysteikte julabrød i dag og i morgon, laurdag, og vesle julaftan, fortel ho, og ho reknar med at det vert stort trykk etter julabrød på vesle julaftan så derfor rår ho folk til å bestilla slik at ho eventuelt kan auka produksjonen. Også kransekaker kan det vera lurt å bestilla for å vera på den sikre sida. Elin legg til at ho framleis har godt utval i dei vanlege julekjekstypene og konfekt sjølv om det har minka mykje.

Juletresalget er nett starta. Det er tre frå eigen granskog i ulike storleikar til rimelege prisar, frå 150 til 300 kroner. Dei som er interesserte i juletre, bør naturleg nok koma i dagslys.

Julebutikken er ny av året, og der er mykje fint. Frå neste år av er det planen å ha ein større julebutikk i tilknytning til Elins Matgleder.



Det er lurt å bestilla julabrød og kranssekake.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland